



Proaktiv Sandviken As
Christian Michelsens gate 5A
5012 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5851 - 23/62985

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
14.08.2023

Korrigert vedtak - innvilga konsesjon for overtaking av gbnr 166/1 Kopperdal søndre

Administrativt vedtak: Saknr: 823/23

VEDTAK:

Nytt vedtak som erstatter vedtak i saksnr 808/23.

Med heimel i konsesjonslova § 9 jf. § 1 gjev Alver kommune sambuarparet Susanne Høgtun Landaas og Stian Skansen konsesjon for kjøp av gnr. 166, bnr. 1 Kopperdal i Alver kommune.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjarane vil få melding om dette når det er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.

Saka gjeld

I administrativt vedtak saksnr 808/23 vart det ved ein inkurie ikkje fanga opp at det var to søkjarar om konsesjon. Stian Skansen og Susanne Høgtun Landaas er sambuarar og skal eiga ein ideell halvdel kvar. Stian Skansen har gått tre år på Voss Jordbruksskule.

Fakta og vurderingane er dei same som vart gjort i den forrige saka, og det er berre vedtak som vert korrigert her.

VURDERING:

Saksutgreiinga i administrativt vedtak saksnr 808/23 er grunnlag for vurderinga. I tillegg er det opplyst at Stian Skansen har utdanning frå jordbruksskule, så han er godt skikka til å driva eigedomen saman med sambuar.

Regelverk

- Konesjonslova
- Rundskriv 1-2021 Konesjon, priskontroll og boplikt
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/5851»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Proaktiv Sandviken As

Christian Michelsens gate 5012 BERGEN
5A

Stian Skansen

Mons Slettens Veg 11 5265 Ytre Arna

Susanne Høgtun Landaas

Mons Slettens Veg 11 5265 Ytre Arna